



Magne E. Skintveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3078 - 16/13219

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

24.06.2016

Godkjenning- utsett arbeidsfrist på SMIL 2012 - tilskot til oppsetjing av gjerde på gbnr 44/3 Skintveit

Administrativt vedtak. Saknr: 218/2016

Saksutgreiing:

Meland kommune har motteke søknad frå Anne Marie og Magne Skintveit om at fristen for å gjere ferdig SMIL-tiltak som det er løyvd midlar til vert utsett. Tiltaket gjeld oppsetjing av gjerde på gnr. 44 bnr. 3 på Skintveit, saknr. 12/481. Arbeidsfristen gjekk ut i november.

Vurdering:

Prosjektet er godt i gang, men ein del står att. Søkjar viser til at prosjektet er langsiktig og at dei har hatt utfordringar med gjerdinga knytt til turgåarar. Dette krev gode passeringsmoglegheiter i samband med gjerdinga.

Det er søkt om utsetjing med 2 år for å gjennomføre prosjektet. Det er høve til å forlenga arbeidsfristen fram til 30.11.2017. Kommunen vurderer det slik at grunnen som ligg bak at arbeidet ikkje er avslutta innan fristen, må akseptrast. Det er viktig at arbeidet kan sluttførast, og utsett frist vert godkjend.

Vedtak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

«Meland kommune gjev med dette Anne Marie og Mange Skintveit utvida frist til 30.11.2017 med å gjennomføre siste del av tiltaka som det var løyvd midlar til i delegert vedtak, sak 12/481. Det er ingen endring i vilkåra som gjeld for gjennomføring. Kommunen syner i denne samanheng til vedtaket som vart fatta i delegert vedtak, sak 12/481.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova §23 nr 4 og gjeldane delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Mottakere:

Magne E. Skintveit